

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Kåre Strand
Arkivsaksnr.: 16/810 - 31

Arkiv: U64

Planlagt behandling:

Formannskapet

TURISTVEG JÆREN - INFORMASJONSTAVLER

Bakgrunn for saka:

Vegstrekninga frå Oгна i Hå til Bore i Klepp (41 kilometer) har fått status som nasjonal turistveg – Turistveg Jæren. Til saman 18 strekningar i heile landet er valde ut som nasjonale turistvegar, og desse vil bli marknadsførte som reisemål og reiseopplevingar med spesielle kvalitetar. For meir informasjon – sjå: <https://www.nasjonaleturistveger.no/>

Så langt er oppgraderinga av Turistveg Jæren i oppstart-fasen, og tiltak vil skje i løpet av dei neste 4 – 6 åra. Betra toalettforhold og parkering ved friluftshuset på Orre er ferdig, og tilsvarende oppgradering på Bore vil bli gjennomført i 2018/2019.

Vegvesenet sitt turistvegkontor tok initiativ til eit møte med kommunane Hå og Klepp våren 2018 for å drøfta eit opplegg med informasjonstavler. Opplegget bygger på godkjent samarbeidsavtale mellom kommunane og turistvegkontoret. Det skal monterast informasjonstavler langs turistvegen. Turistvegkontoret dekker kostnadene med tavlene på turistvegpunkta. Viss kommunane ønskjer informasjonstavler plassert andre stader enn dei utvalde turistvegpunkta, må kommunane dekke kostnadane.

Formålet med informasjonstavler

Ein aukande del av turistane bruker digital informasjon for å finna fram og for å finna informasjon om det dei ser. Informasjonstavler supplerer dette, og turistvegseksjonen opplyser at det framleis er 25 – 30 % av turistane på gjennomreise som besøker dei fysiske informasjonspunkta. Dei stansar i gjennomsnitt 1,5 minutt ved informasjonstavlene, og kart er viktigare enn tekst. Mengde tekst er derfor avgrensa, og teksten blir derfor i kortform (på norsk og engelsk) supplert med tilvisingar til andre informasjonskjelder.

Informasjonstavlene vil formidle informasjon, men er i tillegg ein del av design og profilering av turistvegen. Det er derfor del av avtalen med turistvegkontoret at det langs Turistveg Jæren skal nyttast informasjonstavler med felles design som understrekar kvaliteten i turistveg-konseptet.

Typar informasjonstavler

Nasjonale turistvegar opererer med ulike typar innhald på sine informasjonstavler. Dei omtaler:

Norgestavler - informasjon om nasjonale turistvegar generelt.

Områdetavler - Informasjon om regionen – ut over turistvegen.

Strekningstavler - Informasjon om den aktuelle turistvegen.

Kommunetavler - Informasjon om den kommunen ein køyrer gjennom.

Tematavler - Informasjon om eit konkret punkt/område langs turistvegen.

Informasjonstavler i Klepp

Hå og Klepp har drøfta eit samordna opplegg for plassering av informasjonstavler langs turistveg Jæren. Dette er drøfta med turistvegkontoret, og det er nå einigheit om eit forslag til tavler og plasseringar i Klepp:

Ved Bore samfunnshus:

Ved nytt toalettanlegg på Borestranda:

I Kleppe:

Trygge Gran landingsplass:

Orre gamle kyrkje:

Friluftshuset på Orre:

Strekningstavle og Norgestavle/områdetavle

Tematavle

Strekningstavle og områdetavle

Tematavle

Tematavle

Strekningstavle og tematavle

Økonomi og framdrift

Turistvegkontoret har inngått rammeavtale med firmaet Arkeoplan om produksjon og levering/montering av informasjonstavlene. Dei kan leverast som frittstående på stolpar eller monterte på vegg.



Turistvegkontoret dekker kostnadene med tavler på turistvegpunkta – i Klepp er det Orrestranda og Borestranda. Klepp kommune må dekke kostnadene med øvrige tavler.

Kostnadene med sjølve produksjonen av tavlene er kjent, mens monteringskostnadene vil variere. For frittstående tavler med tekst på ei side er prisen (eks. mva) kr. 22 950 for 120 x 120 cm glas og 90 x 120 cm tekst/bilde.

Dersom formannskapet gir tilslutning til planane, vil det bli arbeid med tekst og bilde til informasjonstavlene hausten 2018. Montering vil etter planen skje første halvår 2019.

Kostnadene for Klepp er så langt estimert til mellom kr. 200 000 og 250 000,- inkl. mva. samla for dei 4 stadene (6 tavler) der kommunen må dekke kostnadene med informasjonstavler. Rådmannen tar sikte på å innhente ei meir presis kalkyle til budsjettarbeidet.

Plassering av tavler i Kleppe

I planane er det tatt med ei områdetavle og ei strekningstavle i Kleppe. Plassering bør vera i tilknytning til sentrumsparken, og endeleg plassering bør avklarast i samband med utandørsplanen for området. Om det er hensiktsmessig med ei tavle med informasjon på begge sider eller ein-sidig avheng av plassering.

Hå tek sikte på å montere tilsvarande tavler på Nærbø.

Vidare saksgang:

Saka blir lagt fram for formannskapet til behandling. Formannskapet vurderer om dei ønskjer at saka skal gå vidare til kommunestyret.

Rådmannen legg til grunn at løyving blir innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Vurdering:

Rådmannen ser at det kan ha stor verdi for Klepp at deler av Nordsjøvegen har fått status som Turistveg Jæren, og tilrår at kommunen nyttar denne muligheten til å profilera Klepp og Jæren som turistmål.

Vedlegg:

Forslag til plassering av tavler

Powerpointpresentasjon om Nasjonal turistveg Jæren med eksempel på informasjonstavler

Fundamentering av tavler - eksempel

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til planane for plassering av informasjonstavler for Turistveg Jæren.

Klepp sin del av kostnadene blir innarbeidd i budsjettet for 2019.

Rådmannen i Klepp 23.08.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.